



# Tilbake til grunnrentelandet

28.05.2021 Eirik Magnus Fuglestad og Reidar Almås



# Grunnrentelandet



# Bioøkonomien





ROB BURTON | MAGNAR FORBORD |  
EIRIK MAGNUS FUGLESTAD | MAY-BRITT ELLINGSEN (red.)



CAPPELEN DAMM AKADEMISK



# Det idehistoriske grunnlaget for grunnrenta



# Tre verdiskapande faktorar (Ricardo):

- Innsats frå arbeidskraft, frå investert kapital og grunnen sjølv.
- Grunnrenta er det som blir att når arbeid og kapital har «fått sitt».
- Grunnen eller jorda må sjåast som ein sjølvstendig produksjonsfaktor

# David Ricardo: landbruk og grunnrente

- «The original and indestructible powers of the soil»
- «Corn is not high because rent is paid, but rent is paid because corn is high »

# Marx og absolutt rente:

- Eit uttrykk for ein historisk sosial relasjon mellom menneske og ting, mellom landeigedom og kapital. Grunnrente forstått som det økonomiske uttrykk av klasserelasjonane knytt til jordeigedommen.
- Grunnrente som kapitalen sitt uttrykk i form av fast eigedom til grunn. Produkt av eit klassemonopol til eigedommen.

# George og grunnrente som moralsk prinsipp

- Henry George meinte at grunnrenta må sjåast som ei ufortent verdistigning som fell til eigaren av grunnen.
- Verdisting på grunnen som følgje av samfunnsutviklingar t.d innfrastruktur, samfunnet skapar grunnrenta
- Eigedomsretten gjorde at nokre få kunne leva av grunnrente åleine, medan inntektene til dei som jobba vart spist opp av stigninga i grunnrente. Svaret var å innføra skatt på grunnrenta.

# George sine idear i Noreg

## Garborg

- «Jordi er som vatn, som luft, eit livsvilkår, alle hev rett til jord, som hev rett til liv»



## Ullmann

- «Alt det ædle og sande ved sosialismen ud i live, og bøde for dens svagheder og udskeielser»



Georgian og Venerable

# Petroleumsinntekstutvalet

- «Hensiktsmessig å benytte seg av grunnrentebegrepet». Utvalet fant det rimeleg at «inntekt som flyter fra ressursen som sådan» burde «tilfalle ressursens eier, i dette tilfelle den norske stat» (Hanisch og Nerheim 1992: 428).

# «Marknadsvendinga» og enden på den moralsk ankra grunnrentepolitikken?




# Differensialrente og meirprofitt

- Noko jord, nokre vassdrag, oljefelt eller lokasjonar for oppdrett av fisk er meir gunstige og billegare å utvikla enn andre. Desse gjev grunnrente, medan den dårligaste ressursen ikkje gir grunnrente. Dersom etterspurnaden i ein marknad etter korn, vasskraft, olje eller laks er større enn produksjonen under dei beste vilkåra for slik produksjon, vil prisen på desse varene måtte tilsvara produksjonskostnadene under dei dårligaste vilkåra. Det fører til at dei som har betre produksjonsvilkår oppnår ein meirprofitt av denne prisen.

# Grunnrente i jordbruket

- Tre klassar i det britiske jordbruksamfunnet: jordeigarar, kapitalistiske farmrarar og landarbeidrarar
- Marx trudde at dei sjølveigande bøndene ville forsvinne og at den britiske jordbruksmodellen skulle sigre i alle kapitalistiske land
- Men bøndene overlevde, både i fastlands-Europa og i setlerøkonomiane (USA, Canada, Australia, New Zealand og Latin-Amerika)
- I ein slik jordbruksøkonomi – enkel vareproduksjon i Marx sitt språk – kan den sjølvsysselsatte bonden i prinsippet oppnå grunnrente

# Grunnrenteformene skjematisk framstilt



# Er det grunnrente i det norske jordbruksområdet?

- Dei som leiger ut jord, haustar i prinsippet grunnrente i form av jordleige
- Dei som leiger ut godt arrondert jord som eignar seg for intensiv produksjon i gode jordbruksområde oppnår meirprofitt ut over avkasting på bunden kapital (kan bli over 1000 kr pr dekar)
- Ein vanleg norsk avviklingsbonde som har vore aktiv bonde, men som no er passiv bonde, oppnår normalt ikkje meirprofitt på å leige ut jorda (kan dreie seg om 200 kr pr dekar i husdyrbygdene i Trøndelag)
- Statens arealtilskott, med satsar frå 0 til 376 kr pr dekar, er i prinsippet ei form for subsidiert grunnrente

# Oppnår jordeigarar meirprofitt i norsk jordbruk og korleis heng det saman med bondeopprøret?

#bondeopprør

- Jordeigarane som oppnår meirprofitt er få, samla beløp er relativt lite og har mest å si på utgiftssida til mjølkeprodusentar som driv mange bruk
- Kostnad til jordleige blir ikkje rekna som utgift i Totalkalkylen for jordbruksoppgjeret fordi det blir rekna som nullsum innan sektoren
- Det at jordleige og kvotelege (som er ei reguleringsrenta) ikkje blir rekna som ei utgift for bonden i referansebruken, fyrer opp under bondeopprøret
- Dei store grunnrentene blir hausta av dei «bøndene» som får jorda si regulert til utbygging (jfr Overvik, Presthus, etc her i Trondheim)

# Kor stort problem er grunnrenta i norsk jordbruk?

- I den norske jordbruksøkonomien utgjer jordleiga 800 mill. kr
- Nesten halvparten av jorda (46 prosent) er no leigejord
- 2 av 3 bønder leiger jord
- Storparten (3/4) av dei som leiger ut jord er ikkje aktive bønder
- Leige av mjølkekvote utgjer 165 mill. kr
- For kvar sjette mjølkeliter som produseres er kvoten leigd
- Det er langt færre som leiger ut mjølkekvote enn som leiger ut jord
- 30 prosent av dei som leiger ut mjølkekvote er ikkje aktive bønder